

Sektorsjef Anny Bastesen
Meland kommune

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato: 1. juni 2015

Oppstartsmøte/avklaringsmøte

24. mai 2013 var det varslet oppstart av reguleringsplan for Fossesjøen, gnr. 25, bnr. 161, 167 m.fl. Planarbeidet vart av ulike årsaker stansa for ei tid. Det vart halde eit møte med Meland kommunen om planen 27. juni 2014. Då var tilbakemeldinga frå kommunen at dei ønskte ei vesentleg høgare utnytting i planområdet enn det som til då var skissert, dette med tilvising til den sentrale plasseringa av planområdet.

Forslagsstillar Vest Land Eiendom AS valde å vente med å gå vidare med planen mellom anna fordi det kunne bli aktuelt med ei utviding av planområdet. Etter den tid har det kome nytt framlegg til kommuneplan. I dette framlegget, som har vore til offentleg ettersyn, er området Fossesjøen utvida nordover.

Vi ønskjer å komme i gang med planprosessen igjen og vil utvide planområdet med ytterlegare 26 daa. Denne delen av planområdet ligg utanfor området som i gjeldande kommuneplan er sett av til bustadbygging, men innanfor det området som i nytt framlegg til kommuneplan er gitt føremål bustadbygging.

I første omgang ønskjer vi ei tilbakemelding for å avklare prosess. Vi ser ikkje for oss at det er trong for eit formelt oppstartsmøte, då dei føringar som gjeld for området er godt kjende og diskuterte i både oppstartsmøtet og det seinare møtet med kommunen. Vi vil sjølvstilt varsle oppstart av planarbeidet med eit utvida planområde.

Dersom kommunen vurderer det slik at det er trong for eit nytt formelt oppstartsmøte, er dette brevet ei tinging av slikt møte.

Legg ved varselbrev frå førre gong det vart varslet oppstart av reguleringsplan. Legg og ved ei skisse som syner tidlegare planområde og framlegg til utviding av planområdet i nord. Skissa er ikkje eit offisielt framlegg til utbygging/plan.

Mvh
Gunnar Wiederstrøm
Opus Bergen AS